

Høyringsinstansar i følgje vedtak
For utlegging på heimesida og KommuneNet; her

Vår dato
07.04.2017

Høyringsbrev - framlegg til kommunal forskrift i Fusa for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad. Kriterium og venteliste.

Fusa formannskap har vedteke å senda på høyring:

Framlegg til kommunal forskrift i Fusa for tildeling av langbruksopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad.

Forslaget byggjer på lovførearbeida og gjeldande praksis for tildeling av opphald i Fusa kommune. Alle kan koma med uttale. Framlegget og meir informasjon er lagt ut på heimesida www.fusa.kommune.no og i KommuneNet frå 07.04.2017 med 4 veker høyringsfrist: Høyringsfristen er 08.05.2017.

Send evt. uttale til post@fusa.kommune.no, eller Fusa kommune, Postboks 24, 5649 Eikelandsosen.

Plikt til å utarbeida kommunal forskrift og innhaldet

Forslag til forskrift byggjer på lovførearbeida og gjeldande praksis for tildeling av opphald i Fusa kommune.

På bakgrunn av kommunen sitt heilskaplege tilbod, må det fastsetjast forskrift med kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad i kommunen.

Pasient eller brukar som med forsvarleg hjelp kan venta på ein langtidsplass, men som fyller kommunen sine kriterium, skal ha rett til vedtak om dette. Følgjande er nye lovkrav: Kommunen skal føra lister over pasientar og brukarar som ventar på langtidsplass i kommunen. I forskrifta skal kommunen også regulera korleis ein følgjer opp personane som står på venteliste.

Forskrifta skal m.a. medverka til meir føreseielege tenester og openheit rundt tildelingsprosessen.

Høyringsprosessen

Alle kan koma med uttale. I tillegg vert framlegg til forskrift sendt på høyring til lokale organisasjonar i Fusa. (pensjonistlag, funksjonshemma sine medlemsorganisasjonar).

Saka vert fremja i neste møterunde via senior- og funksjonsrådet, formannskapet og med endeleg vedtak i kommunestyremøtet i juni. Alle høyringssvara vil då følgja saka. Kommunane må utarbeida forskrifter slik at dei kan tre i kraft 01.07.2017.

Sjå vedlagde framlegg til forskrift og sak nr 26/2017 frå formannskapet.

Helsing

Gunn Sissel Teigen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Saksutgreiing og vedtak formannskapet 29.03.2017 Høyring - framlegg til kommunal forskrift i Fusa for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad. Kriterium og venteliste. (L)(36919)	1350649	07.04.2017
Framlegg til forskrift vedteke sendt ut på høyring av formannskapet 29.03.2017	1350650	07.04.2017